


Mongstad sør, Statoil industriområde

Gnr. 127 bnr. 123 m.fl. i Lindås kommune

Gnr. 129, bnr. 19 m.fl. i Austrheim kommune

KULTURHISTORISKE REGISTRERINGAR
REGULERINGSPLAN FOR INDUSTRIOMRÅDE

RAPPORT
2011



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

1. Samandrag

I samband med motteke varsel om oppstart av reguleringsplan for Mongstad sør, Statoil industriområde, gnr. 127, bnr. 123 m.fl. i Lindås kommune og gnr. 129, bnr. 19 m.fl. i Austrheim kommune, har Kultur- og idrettsavdelinga ved Hordaland fylkeskommune gjennomført ei arkeologisk registrering. Registreringa vart utført den 14. og 15.12.2011 av Øystein Skår og Ambjørg Reinsnos. Etterarbeid og rapportskriving er utført av Heidi Joki og Øystein Skår.

Planområdet vart overflateregistrert. Det vart gjort funn av eitt automatisk freda kulturminne, ei gravrøys, Askeladden id. 155066. Frå før var det kjent fleire automatisk freda kulturminne innafør planområdet, både utgravne og fjerna, samt ei eksisterande gravrøys og ein bautastein, Askeladden id. 55188. Geometrien på dette kulturminnet viste seg å vere litt upresis, og dette vart justert i Riksantikvarens kulturminnedatabase Askeladden.

2. Bakgrunn

Bakgrunnen for undersøkinga var motteke varsel om oppstart av reguleringsplan for Mongstad sør, Statoil industriområde, gnr. 127, bnr. 123 m.fl. i Lindås kommune og gnr. 129, bnr. 19 m.fl. i Austrheim kommune (saksnr. 201108631) (fig. 1, 2). Føremålet med planen er å utvide reguleringsplan for industriområde til Statoil Mongstad. Arealet omfattar for det meste tidlegare regulerte områder og noko uregulert areal.

Det var frå før kjend automatisk freda kulturminne både innafør dei tidlegare regulerte områda og innafør det nye arealet. Innafør det nye arealet var det kjent ein lokalitet med ei gravrøys og ein bautastein (Askeladden id. 55188). Det nye planområdet vart vurdert til å ha potensial for nye funn av automatisk freda kulturminne.




Fig. 1: Kart over planområdets plassering i Lindås og Austrheim kommuner.




Fig. 2: Kart over området med tidligere planar og nye områder (ABO plan & arkitektur AS).

3. Kulturminne og kulturmiljø – nokre sentrale omgrep

Kulturminne er konkrete spor etter menneskes liv og virke. Dei omfattar òg stader det er knytt historiske hendingar, tru eller tradisjonar til, jf. Kulturminneloven § 2, 1. ledd. Kulturminne kan til dømes vere hus, gravhaugar, tufter, båtar og vegar. Desse kan vere frå tidlegare tider eller frå vår eiga tid.

Med *kulturmiljø* er meint eit område der kulturminne er ein del av ein større heilskap eller samanheng. Kulturmiljø kan til dømes vere ein bydel, eit gardstun med landskapet ikring, eit fiskevær eller eit industriområde med fabrikkar og bustader, jf. Kulturminneloven § 2, 2. ledd.

Eit stort tal med verdifulle kulturminne er freda. Gjennom Kulturminneloven er kulturminne frå oldtid og mellomalder (inntil år 1537), ståande bygningar eldre enn 1650 og samiske kulturminne eldre enn 100 år automatisk freda. Lova inneheld òg eigne lovføresegner om vern av skipsfunn. Kulturminneloven § 4 inneheld ei liste av ulike typar kulturminne som er automatisk freda. I kulturminneforvaltninga vert det også ofte skilt mellom automatisk freda kulturminne, også kalla fornminne og nyare tids kulturminne.

Arkeologiske periodar		Ukalibrert BP	Kalibrert BC/AD
Eldre steinalder	Tidlegmesolitikum (TM)	10 000 – 9000 BP	9200 – 8100 BC
	Mellommesolitikum (MM)	9000 – 7500 BP	8100 – 6400 BC
	Seinmesolitikum (SM)	7500 – 5200 BP	6400 – 4000 BC
Yngre steinalder	Tidlegneolitikum (TN)	5200 – 4700 BP	4000 – 3300 BC
	Mellomneolitikum, periode A (MNA)	4700 – 4100 BP	3300 – 2600 BC
	Mellomneolitikum, periode B (MNB)	4100 – 3800 BP	2600 – 2300 BC
	Seinneolitikum (SN)	3800 – 3500 BP	2300 – 1800 BC
Bronsealder	Eldre bronsealder (EBA)	3500 – 2900 BP	1800 – 1200 BC
	Yngre bronsealder (YBA)	3000 – 2440 BP	1200 – 500 BC
Eldre jernalder	Førromersk jernalder	2440 – 2010 BP	500 – 0 BC
	Römertid	2010 – 1680 BP	0 – 400 AD
	Folkevandringstid	1680 – 1500 BP	400 – 570 AD
Yngre jernalder	Merovingartid	1500 – 1210 BP	570 – 800 AD
	Vikingtid	1210 – 970 BP	800 – 1030 AD
Mellomalder	Tidleg mellomalder		1030 – 1150 AD
	Høgmellomalder		1150 – 1350 AD
	Seinmellomalder		1350 – 1537 AD

Fig. 3: Oversikt over dei arkeologiske periodane.

Dei aller fleste av dei automatisk freda kulturminna er enno ikkje registrert. Det er ulike årsaker til dette. Mest vanleg er at dei ligg under dagens markoverflate, og ikkje er synlege. Det kan og skuldast at ein aldri har leita etter kulturminne i desse områda, eller at kulturminna er så overgrodd at dei ikkje lenger er synlege. Så lenge kartfesting og registrering av automatisk freda kulturminne aldri vil bli fullstendig, er ein i offentleg forvaltning og arealplanlegging avhengig av den informasjonen og dei data kulturminnevernet får fram gjennom registreringsarbeidet. Ved planlegging av offentlege og større private tiltak pliktar den ansvarlege å undersøke om tiltaket vil virke inn på automatisk freda kulturminne, jf. Kulturminneloven § 9.

Kulturminne frå nyare tid (yngre enn 1537) har meir eller mindre stor verneverdi, men er med unntak av ståande bygningar eldre enn 1650 i utgangspunktet ikkje automatisk freda. Dei kan verte freda etter § 15 i Kulturminneloven eller verte regulerte til vern med heimel i Plan- og bygningsloven. I Sefrak-registeret er kulturminne frå før 1900 (hovudsakleg ståande bygningar) registrert. I nokre områder er òg kulturminne frå etter 1900 Sefrak-registrert.

4. Metode

Sidan førhistoriske spor etter menneske ofte ikkje er synlege på markoverflata, vil registreringsmetode vanlegvis innebere graving manuelt med spade, prøvestikking, eller ved hjelp av gravemaskin, maskinell flateavdekking. I område kor ein reknar med funn av synlege kulturminne vert det søkt i overflata. Ofte vert fleire metodar nytta på ei og same registrering. Kva metode som er vald er avhengig av topografi, høgd over havet og kva type kulturminne ein reknar med å kunne påvise.

Ved overflateregistrering vert området som skal undersøkast synfare systematisk med tanke på synlege kulturminne. Synlege kulturminne kan vere gravminne, hustuffer, helleristningar, bergmalingar, steingjerder, geilar, jakt- og fangstanlegg, kolgroper, vegar og vegfar, hellerar, runesteinar, jernvinne, steinbrot, bygdeborgar.

På bakgrunn av kunnskap om tidlegare kjende kulturminne i området og terrenget kunne ein venta å finne spor frå bronsealder, jernalder og mellomalder i planområdet. Ved registreringa vart det søkt i overflata etter synlege kulturminne.

5. Området

Det nye planområdet ligg mellom anlegga til Statoil og Norsk Hydro, på grensa mellom Lindås og Austrheim kommune. Den sør- og austlege delen av området ligg på gnr. 127, bnr. 123 i Lindås kommune, og den nordvestlege delen ligg på gnr. 128, bnr. 8 i Austrheim kommune. Den nord- og austlege delen av området består av eit flatt myrområde kalla Storemyra, mens den sør- og vestlege delen består av ein åskam med blandingsskog. Det går to kraftleidningar gjennom den sørvestlege delen av området frå søraust mot nordvest.



Fig. 4: Oversikt over delar av planområdet mot sørvest. Gravminne og bautastein ligg på åskammen bak i biletet.



Fig. 5: Kart over det nye planområdet/området som vart registrert.




Fig. 6: Kart over det nye planområdet/området som vart registrert.



Fig. 7: Flyfoto av det nye planområdet/området som vart registrert.

6. Tidlegare registreringar og funn i området

Det er frå før kjend automatisk freda kulturminne både innafør dei tidlegare regulerte områda og innafør det nye arealet (fig. 8). Innafør det nye arealet er det kjent ein lokalitet med ei gravrøys og ein bautastein, Askeladden id. 55188. Like sør for denne ligg ein lokalitet med to gravrøysar og tre rydningsrøysar, id. 15787. Sørøst for desse ligg eit gravfelt med to gravrøysar, id. 72988, og vidare mot sør to gravrøysar, id. 15788, 99945. Lenger nord, ved Grunnevika, er det kjent to steinalderbuplassar som begge er utgravne og fjerna, id. 97670, 97659. Vest for desse, på Ikornsåta på Kaland, er det kjent ein øydegard frå mellomalderen med ei hustuft og rydningsrøys, id. 110087.




Fig. 8: Kart over tidlegare registrerte automatisk freda kulturminne i nærområdet (askeladden.ra. no).

7. Undersøkinga

Undersøkinga vart utført den 14. og 15.12.2011 av Øystein Skår og Ambjørg Reinsnos. Planområdet vart overflateregistrert, og det vart gjort funn av eitt automatisk freda kulturminne, ei gravrøys (Askeladden id. 155066) (fig. 9, 12, 13).

Ved undersøkinga viste det seg at gravrøysa og bautasteinen på den tidlegare kjente lokaliteten med id. 55188 låg litt utanfor lokalitetsavgrensinga som låg registrert i Riksantikvarens kulturminnedatabase Askeladden (fig. 10-13). Begge vart målt inn på nytt med GPS, og ein ny lokalitetsavgrensing har vorte lagt inn i Askeladden.

Gravrøys frå bronsealder-jernalder, Askeladden id. 155066

Gravrøysa ligg sør i det nye planområdet, på gnr. 127, bnr. 123 i Lindås kommune. Den ligg på åskammen sør for Storemyra, i underkant av ein kilometer vest for Norsk Hydro sin base i Kvernhusvika. Rundt 80 meter søraust for gravrøysa ligg Askeladden id. 55188, som er ein gravrøys og bautastein. Om lag 15 meter sør for gravrøysa går det ein kraftlinje. Røysa ligg på ein lav åsrygg der vegetasjonen skil seg frå den omliggande. Den lave åsryggen er bevokst med lynnplantar og bjørkeskog, mens områda rundt består av enten barskog eller myrdrag. Terrenget fell først ned frå åsryggen mot ei terrasse nord for gravrøysa, og så bratt ned mot Storemyra. Gravrøysa er 7 x 3,5 m i diameter, og ca. 50-60 cm høg. Den består hovudsakeleg av stein i størrelse mellom 20 og 50 cm. I vestleg ytterkant kjem det opp berg som røysa truleg er bygga inntil. Den orienterer seg i retning NNV-SSA.



Fig. 9: Arbeid med å dokumentere den nye påviste gravrøysa, id. 155066). Tatt mot nordnordvest.



Fig. 10: Gravrøys som var kjend frå før, id. 55188-1.



Fig. 11: Bautastein som var kjend frå før, id 55188-2.




Fig. 12: Kart over automatisk freda kulturminna i planområdet.




Fig. 13: Flyfoto av automatisk freda kulturminna i og nær planområdet.

8. Konklusjon

Det vart ved den arkeologiske registreringa på Mongstad sør, Statoil industriområde, gnr. 127, bnr. 123 m.fl. i Lindås kommune og gnr. 129, bnr. 19 m.fl. i Austrheim kommune gjort funn som kjem inn under Kulturminneloven § 4. Det vart påvist eitt hittil ikkje kjend automatisk freda kulturminne, ei gravrøys frå bronsealder-jernalder, Askeladden id. 155066 . Frå før var det kjent fleire automatisk freda kulturminne innafor planområdet.

Litteratur

<https://askeladden.ra.no/Askeladden/Pages/LoginPage.aspx?ReturnUrl=%2faskeladden%2f>

Vedlegg

Utskrift frå Riksantikvarens kulturminnedatabase Askeladden



155066 - Mongstad sør

Gravrøysa ligg sør for Storemyra, i underkant av ein kilometer vest for Norsk Hydro sin base i Kvernhusvika. Rundt 80 meter søraust for gravrøysa ligg den tidlegare registrerte gravrøysa med Askeladden id. 55188, og det går ein kraftledning 15 meter sør for gravrøysa. Den ligg på ein lav åsrygg i bjørkeskog. Terrenget fell først ned frå åsryggen mot ei terrasse nord for gravrøysa, og så bratt ned mot Storemyra. Gravrøysa er 7 x 3,5 m stor, og ca. 50-60 cm høg. Den orienterer seg i retning nordnordvest-sørsørøst.



Klassifisering

Kategori: Arkeologisk minne

Art: Gravminne

Opprinnelig funksjon: Gravminne


Nåværende funksjon:

Stedfesting

Fylke: Hordaland

Kommune: Lindås

Gårdsnavn: Mongstad



Eiendomsopplysninger

Oppretting og ansvar

Registrert: Øystein Skår - 14.12.2011

Inntastet: Heidi Joki - 24.01.2012

Ansvarlig organisasjon: Hordaland fylkeskommune

Vernestatus

Vernetyppe: Automatisk fredet

Tilhørende enkeltminner

ID	Navn	Kategori	Vernetyppe	Registrert
155066-1	Gravrøys, Mongstad sør	Arkeologisk minne	Automatisk fredet	24.01.2012



**HORDALAND
FYLKESKOMMUNE**

Kultur- og idrettsavdelinga
Agnes Mowinckels gt 5
Postboks 7900
N-5020 BERGEN

Telefon: 55 23 90 00
www.hordaland.no